



--

Arkiv saknr:	2016/98
Løpenr.:	3387/2016
Arkivkode:	223

Sakshandsamar: Gry Åsne Aksvik

## **Anmodning om økonomisk støtte i samband med anke frå Statnett over dom om eigedomsskatt på nettanlegg**

### **Vedlegg:**

- 1 Anmodning om økonomisk støtte i forbindelse med anke fra Statnett over dom om eiendomsskatt på nettanlegg

### **Dokument i saka:**

- Anmodning om økonomisk støtte i forbindelse med anke fra Statnett over dom om eiendomsskatt på nettanlegg

### **Bakgrunn:**

Statnett har tatt ut søksmål mot fleire kommunar med krav om at eigedomsskattetakstane på selskapets nettanlegg blir kjent ugyldig. Sakas tvistepunkt gjeld berekning av frådrag for slit, elde og utidsmessigheit. Statnett hevdar at takstane er for høge som følge av at frådraget etter selskapets syn er rekna ut på ein feil måte.

Dom i saka mot tre av dei saksøkte kommunane, Hjelmeland, Hol og Evje og Hornnes, som alle er medlemar av LVK, falt i Stavanger tingrett 31. august 2015. Statnett har anka dommen til lagmannsretten, med grunngjeving om at saka er prinsipiell og vil gjelde alle kommunar med nettanlegg tilhøyrande Statnett, enten anlegga er nye eller eldre.

LVK ser det som at kommunane er «tilfeldige utvalde» og ser det som urimeleg at dei tre kommunane skal måtte finansiere utgiftene alene ved søksmåla som i realiteten gjeld alle kommunar med store nettanlegg, Statnetts eller andre sine. LVK sin økonomi er heller ikkje innretta på å dekkje slike prosesskostnadar ved søksmål mot enkeltkommunar.

Med bakgrunn i dette har ordførarane i dei tre saksøkte kommunane og leiar i LVK oppmoda alle kommunar med nettanlegg til å bidra med kr 20 000 i kronerulling for å støtte dei tre tilfeldige utvalde kommunane.

**Vurdering:**

Vinje kommune betaler, etter omlegginga av kontingentgrunnlag, ca kr 529 000 for medlemskapen i LVK. På siste regionmøte på Kongsberg såg ein at utrekningsmåten av kontingentgrunnlaget ikkje harmoniserer heilt med kraftinntektene hjå dei einskilde kommunane.

I denne saka burde det vere tilstrekkeleg, at medlemskommunane gav ein garanti for at ein stilte seg solidarisk med dei saksøkte kommunane, på å betale eventuelle sakskostnadar med inntil kr 20 000 etter rettskraftig dom. No er det berre tale om å legg ut sakskostnadar til advokatbistand, og det burde dei tre kommunane saman med LVK ha høve til å forskottere.

Samstundes ser ein at mange kommunar allereie har innvilga den omsøkte stønaden, og det kan vere utfordrande å berre leggje til grunn at ein bidreg dersom kommunane blir tilkjent sakskostnader. Vinje er ein av dei leiande kraftkommunane og vil merke konsekvensane av eit tap for Hjelmeland, Hol og Evje og Hornnes. Rådmannen heller difor til at ein bidreg til dekning av prosesskostnader i forkant av lagmannsrettshandsaminga.

***Rådmannens framlegg til vedtak:***

- |                                                                                                                                                                                                     |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ol style="list-style-type: none"><li><b>1. Vinje kommune utbetalar eit bidrag på kr 20 000.</b></li><li><b>2. Bidraget vert dekt innanfor nettoramma til Økonomi, Plan og Utvikling.</b></li></ol> |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Rådmannen, 15.02.16

Jan Myrekrok, rådmann /s/